



Dykkar ref: 2014/323-289

## Rapport

Stor festframsyning for hardingfela og hardingfelemakarane på Botnen i Hardanger, på Hardingtonar 2014.

### "SPORA FRÅ BOTNEN"

**Fredag 13. juni. Stad: Norheimsund Idrettshall.**

Framsyninga vart gjennomført etter planen. Ei stund såg det ut til å vera vanskeleg å få tak i dei store stjernene til førestillinga, men dette ordna seg etter kvart og me fekk fleire kjende artistar enn fyrts forventa.

Framsyninga var ein fullskala produksjon og vart eit høgdepunktet i Hardingtonar sitt festivalprogram.

Prosjektleiari Arngunn Timenes Bell gjorde ein stor jobb med å få avtalar med artistar. Saman med Arild Helleland, på regi, sto ho også for samansetting av programmet på scena. Geir Botnen var med frå programkomiteen i Hardingtonar.

#### **Artistar som deltok i festframsyninga:**

Annbjørg Lien, hardingfele og Roger Tallroth, gitar.

Knut Reiersrud, gitarer som vert stemt etter inspirasjon av hardingfela.

Ulla (Terje Isungset, Karl Seglem og Håkon Høggemo )

Solbjørg Tveiten, song/ kveding

Knut Hamre, hardingfele

Clare Salaman, dreielire

Vidar Berge, spelar slåttar på gitaren.

Hardanger spelemannslag med med dansarar

Geir Botne på klaver spelar saman med Knut Hamre på hardingfele.

Arild Helleland song med Geir Botnen på klaver.

Harvor Helland (9 år) på hardingfele

Arild Helleland var forteljar og saman med Halvor Helland (9 år) introduserte han artistane.

### Tilbakemelding frå artistane

Artistane som takka ja til å delta i framsyninga var genuint interessert i hardingfela som instrument. Dei gav uttrykk for kor viktig det var å produsera ei eiga framsyning for dette instrumentet, med den historia som mellom anna er knytt til botnakarane.

**Scenografi** var bilete og utsnitt av botnakarane sine feler som vart projisert på lerret på kvar sida av scenen. Torgeir Timenes Bell var ansvarleg for samansetjinga av projiseringa med Lars Arvid Oma sine foto.

På scenen var verktykista til felemakaren Trond Isaksson Flatebø plassert som ein av rekvisita.

### Publikum

Publikum har gitt mange og gode tilbakemelding på at dette var ei framsyning dei sette stor pris på. Festframsyninga gav eit breitt spekter av musikalske opplevingar og anekdotar frå felemakarane på Botnen.

460 publikummararar såg festframsyninga.

### Etterpå

Etter framsyninga samla artistane seg til felles spel på festivalkroa på Thon Hotel Sandven.



Anbjørg Lien og Roger Tallroth



Utla



Avslutning der kulturskule elevar også fekk vera med.